

## 2009 Haustprogram

Tysdag 08. sept kl 19:30

# KLASSEN



Tysdag 08. september kl. 19.30

Klassen (Frankrike 2008)

Regi: Laurent Cantet 2t 8min

Som «fluge på veggen» får me vera vitne til ein lærars kvardag i ein ungdomsskoleklasse. Me blir kjend med elevane, og følgjer dei gjennom oppturar og nedturar. Filmen er fiksjon, men det heile kjennes hundre prosent autentisk. Filmen vann Gullpalmen i Cannes i 2008 og fekk stor merksemd verda over.



Tysdag 22. september kl 19.30

Orions Belte  
Innleiar: Helge Jordal !

(Noreg 1985) Regi: Ola Solum 1t 45min

Tre småkjeltringar som arbeider om bord på eit fraktskip oppdagar ein sovjetisk lyttestasjon i ei fjellhule på Svalbard. Lyttestasjonen interesserar overvåkingspolitiet, men opplysningane er kanskje for delikate til å offentliggjera? Orions belte er ein av dei aller beste norske action-filmene, kor Svalbards majestetiske natur kjem til sin rett.

Tysdag 06. oktober kl 19.30

Chihiro og Heksene

(Japan 2001) Regi: Hayao Miyazaki tid: 2t 5min.

Ein biltur med foreldra utviklar seg til eit mareritt for ti år gamle Chihiro. Foreldra vert forvandla til svin, og på eiga hand må Chihiro lære å hanskast med hekser og ander. Ein magisk og fascinerande animasjonsfilm frå ein av verdas viktigaste nlevande animatørar. Filmen vann Gullbjørnen i Berlin.

**Tysdag 20. oktober kl 19.30**

**Kortfilmkveld 64 min.**


Denne kvelden syner me 6 norske kortfi lmar frå dei siste tre åra, mellom anna prisvinnerar frå festivalane i Grimstad og Cannes.



Filmene er Bygningsarbeidere(regi: Kaja Næss 2008),

Kompisar(regi: Magnus Mork 2007),

Tommy(regi: Ole Giæver 2007),



Lydskygger (regi: Julie Engaas

2008),



Min bestemor Beijing (regi: Mats Grorud 2008) og

Sniffer(regi: Bobbie Peers  
2006

**Tysdag 03. nov. kl 19.30**

Solsikkenes Natt

(Spania 2006) Regi: Jorge Sanchez-Cabezudo 2t 3min



To brotsverk. Ei fatal misforståing. Eit val mellom rettferd og hemn. Solsikkenes natt er ein kompleks thriller med overraskande vendingar. Handlinga byrjar med at ei ung jente vert funnen valdteken og drepen i ein solsikkeåker.

**Tysdag 17. november kl 19.30**

Vicky Cristina Barcelona

(USA/Spania 2008) Regi: Woody Allen 1t 37min

Romantikken blomstrar i Barcelona, og ein sommar får to amerikanske kvinner liva sine snudde opp ned i den europeiske storbyen. Woody Allen har laga nok ein særeigen romantisk komedie, denne gongen med Penelope Cruz og Scarlett Johansson i hovudrollene.

**Tysdag 01. desember kl 19.30**

Ung Flukt



(Noreg 1959) Regi: Edith Carlmar 1t 35min

Ung flukt er eit sommareventyr om ungdom på forbodne vegar.

Filmen tek opp i seg tema som ung seksualitet, sosiale spenningar og flukten frå kvardagen.

Filmen vert rekna som Liv Ullmanns gjennombrot som skodespelar, og er Edith Carlmars siste som regissør. Carlmar vart fl eire gonger skulda for å syna usømelege scener, og i Ung flukt vart ei naken, badande Ullmann for mykje for somme.



# AALTRA

un road movie écrit,  
réalisé et interprété par  
**BENOIT DELEPINE &  
GUSTAVE KERVERN**



AVEC BENOIT DELEPINE ET GUSTAVE KERVERN, L'ACTRICE FAVORISÉE FÉLIXE LARIVE, MICHEL DE LAROCHE, JUSTIN FLIPPERT, BRUNO LACROIX, DANIEL JARROLD, HÉLÈNE BÉGIN, MARIE-ÈVE GAGNON, MARIE GUYON, AGNÈS LEBLANC, ANASTASIA PAVLOVA, MARC-AURÉLIE ROY, MARC-ANDRÉ PÉLOUSE, ANTOINETTE JOHNSON, JACQUES SÉGUIN, LUC STIEGLER ET BRUNO LAROCHE. COUILLON COMMUNICATION VISUELLE. MUSIQUE: MARC-AURÉLIE PÉLOUSE. PHOTO: GUYONNE LÉVESQUE.

Tysdag 15. desember kl 19.30

Aaltra  
(Belgia 2005) Regi: Benoît Delépine og Gustave de Kervern  
1t 32min

Etter ein krangel endar naboane Gus og Ben i rullestol. Dei legg ut på ei ferd til Finland for å saksøkja produsenten av Aaltra, merket på traktoren som skada dei. Filmen utviklar seg til ein

vanvittig og morosam rullestol-roadtrip. Regissørane er inspirerte av fi Imane til Aki Kaurismaki, som og opptrer i ei lita rolle.